

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, KrF, Sp og MDG fram slikt forslag:

"Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar."

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag (I):

"Delvis reklamefinansiering av kollektivsektoren er ein av fleire strategiar for å styrkja kollektivtilbodet i Hordaland. Dette byggjer også opp om målsettinga i Klimaplanen for Hordaland.

Prosjektet vil gje ei forventa inntekt på 20-37 mill. kr pr. år, tilsvarende 140-260 mill. kr i avtaleperioden på 7 år. Dette gjev t.d. potensiale for 200-370 nye bussavgangar dagleg i Bergen pr. år.

Hordaland fylkesting vedtek difor:

- a) Å stå ved inngått avtale med JCDecaux knytt til Fase 1 av prosjektet vedk. avgrensa reklame på buss og Bybanen.
- b) Arbeida vidare med Fase 2 vedk. reklame på leskur og byromsmøblar."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag (II):

"Saka vert lagt fram for fylkestinget for endeleg avgjerd."

Røysting

Søviknes sitt forslag (II) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Søviknes sitt forslag (I) fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Oen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (H, Frp, V).

Vedtak

Saka vert lagt fram for fylkestinget for endeleg avgjerd.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget ber om at alle avtalar og tildelt kontrakt for reklame på bussar og Bybanen til JCDecaux vert avslutta. Det same vert gjort i sak om reklamefinansierte leskur og byromsmøblar.